

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1

ROGALAND

1975

Namnet på vatnet

Granavatnet

Kommune

Tysvær Fjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningslinjer frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S V A N A R V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 16. sept. 1975.

Vatnet ligg i Vindafjord kommune, nærmere stadfest ved Sagi i Skjold, og grensar i sør-vest for ein del til vegen millom Solheim og Åmsosen.

Arealet er omlag 10 ha. og h.o.h. 16 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 5.0 m.

Stranda består for det meste av stein, fjell og myr.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna over store deler av vatnet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark, myr og fjell.

Hovudtilsiga er "Bjergavassdraget" i nord og "Frølandsvassdraget" i sør-aust.

Avlaupet renn ut i sør og går til Skjoldafjorden.

Dei kjemiske tilhova.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet sterkt brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pli er målt til 5.6 ute på vatnet og 6.0 i Bjergavassdraget.

Dette er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) i Svanarvatnet er 1.5 mg/l og den totale hardheita 4.0 mg/l.

I tilsiget fra Bjergatjerna er kalkinnhaldet (CaO) 2.3 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l.

Vatnet er såleis noko kalkfattig og pli utsett for svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 37.8$

Gjennomstrøyminga er ganske stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 2.0 m og her vart det funne 20 muslingar, 8 vannmidd, 8 fjærmygglarver og 1 hoppekrep.

I alt 370 individ pr. m^2 . Dette er ikkje så aller verst samanlikna med andre analyserte vatn.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretakene, tok vi prøver av 3 fiskar. Her vart det funne linsekreps, buksvømmere, sneglar, fjærmygg larver, muslingar, hoppekreps, myggpupper og stingsild.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein heller fattig prøve.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 89 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga:



Set vi opp ei grafisk framstilling av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av 20 fiskar og av desse var der 16 han-fiskar og 4 hofiskar - ei noko skeiv kjønnsfordeling.

7 av fiskane var lys-røde, resten kvite, i fiskekjøttet.


Vidare var 9 av fiskane (45%) angripne av parasittar.

60 % av prøgefiskane var gytefisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøgefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter							
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	4.1	8.7	13.9	18.8	22.4	26.4	36.4	39.3
Årleg lengdetilvekst	4.1	4.6	5.2	4.9	3.6	4.0	10.0	2.0
Antall fiskar	20	20	20	20	15	3	1	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.94 tilseier fisk av mager til medels kvalitet.



Vi har her sett opp ein vekstkurve for fisken i Svanarvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, har fisken ein heller dårlig lengdetilvekst og ligg under normalen like frå første år av. Det oppsvinget som kurven gjer ved 6 års alder skuldast berre ein fisk, som var vesentleg større enn dei andre, så dette kan ein sjå bort frå. Fisken går mot ei maksimalllengd på snaut 30 cm, men storparten av fisken vil vera mindre enn dette. Nå vil det finnast nokre få, store fiskar i vatnet, såkalla "jagarar", men der er ikkje mange av desse.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at vatnet er medels næringsrikt og sterkt overbefolka. Tilhøva ligg elles vel tilrette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er relativt gode og betre enn i Haugarvatnet. Dette er også rimeleg, då tilsiga mellom Haugarvatnet og Svanarvatnet, og vidare "Bjergavassdraget" frå Bjergatjorna m/f., tilfører relativt næringsrikt vatn.

Botnprøvene var ikkje av dei rikaste, men dei syner likevel at mange arter av verdfulle næringsdyr er representert.

Ser vi på omfarfordelinga, syner denne at småfisken fullt ut dominar og at storparten av fisken er ca. 21 cm. Men det lukkast oss også å få ein av dei større fiskane i vatnet. Denne var på heile 820 gram og 41 cm (K-faktor 1,19 sær feit fisk).

Vekstkurven fortel at vatnet er sterkt overbefolka. Det same kan vi slutte ut frå at 45% av prøvefiskane var meir eller mindre angripne av parasittar.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av mykje dyrka mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet i Svanarvatnet er bra i så måte. Sjølv om tilsiga til Haugarvatnet er noko sure, så vert dette nøytralisiert på vegen ned til Svanarvatnet. Då "Bjergavassdraget" i tillegg fører ein god vasskvalitet (pH 6,0, kalkinnhald 2,3 mg/l og total hardheit 4,5 mg/l) får vi relativt gode tilhøve i Svanarvatnet.

Som nemnt er vatnet sterkt overbefolka, slik at om ein skulle satse på den fisken som er i vatnet i dag, "måtte ein gå til ei kraftig utfisking. Gytetilhøva er gode og dette fører årleg store og nye årgangar med yngel og småfisk ut i vatnet.

Praktiske tiltak.

Som tidlegare nemnt, vil vi tilrå at det blir skipa eit grunneigarlag (elveeigarlag) for "Frølandselva" og Bjergaelva". Dette er viktig om planane om oppføring av laksetrapp ved Sagi skal bli realisert.

Den fyrste, store oppgåva for eit event. elveeigarlag må bli oppføring av laksetrapp ved Sagi. Våren 1975 vart fossen på ny nivillert, denne gang av folk frå Direktoratet, og teikningane er lova ferdige utpå vårparten 1976. Det må såleis haldast eit møte i vår ein gong, der alle grunneigarane til nemnde vassdrag kjem saman, for om mogeleg å velja styre og formann i eit event. elveeigarlag. Dette med å gjera vassdraga sjøaure- og lakseførande skulle vi tru dei aller fleste grunneigarar ville gå inn for, då desse fiskeslaga er langt meir verfulle enn den auren ein nokon gang vil kunna få fram.

Når ein kjem så langt, at lakseyngel og event. smolt skal setjast ut, må ein rydda ut storparten av den auren som er i vassdraget i dag. Med dei hjelpemidlar vi i dag har til rådvelde skulle det ikkje by på store vanskar å utføra arbeidet.

Så snart teikningane av laksetrappa ligg føre, vil alle grunneigarar bli kalla inn til eit nytt møte, og som då vil bli avgjerande for det vidare arbeidet med laksetrappspursmålet i Sagi-fossen.

Uansett kva det måtte bli til, må ein gå til utfisking med småmaska garn i Svanarvatnet. Ved å drive denne utfiskinga i 2-3 år vil mykje ha retta på seg, og ein vil få fram sterre fisk og betre kvalitet.

Stavanger 2. mars 1976

Einar Berg